



## Statens vegvesen

Orkdal kommune  
Kommunesenteret  
Postboks 83  
7301 ORKANGER

Behandlande eining:  
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Leif Conradi Skorem - 73582834

Vår referanse:  
2010/012630-003

Dykkar referanse:

Vår dato:  
19.04.2010

### Kommunedelplan Orkanger - Fannrem og Gjølme i Orkdal kommune

Vi viser til dykkar oversending datert 17.3.2010.

Statens vegvesen vil innleiingsvis gje Orkdal kommune honnør for nytenking i arbeidet med kommunedelplanen, noko som har gjeve ein god plan med tanke på samordna areal- og transportplanlegging. Planen har ei god og oversiktleg form, og det er lett å sette seg inn i både plankart, føresegner og tilhøyrande utrendingar.

*Vi har følgjande merknader til planen:*

#### **Sykkelplanlegging**

Både føresegnene til planen og temaheftet "Gå og sykle i Orkdal" er eit godt grunnlag for den kommande sykkelsatsinga i området. Heftet grunnjev på ein god måte kvifor ein bør satse på sykkel i Orkdal, og gjev retningsliner for kva som bør vektleggast i tilrettelegginga for sykkel (t.d. sykkelparkering og drift og vedlikehald). I løpet av sommaren kjem vi til å gjera ei ATP-berekning for planområdet, som eit grunnlag for Statens vegvesen og Orkdal kommune si vidare planlegging av hovudnett for sykkel.

Når det gjeld parkeringskrava for sykkel (§ 9 i føresegnene til planen), konstaterer vi at dykkar krav for kontor og forretning (0,7 pr. 100 m<sup>2</sup>) er vesentleg lægre enn det vi tilrår i vår sykkelhandbok (4 pr. 100 m<sup>2</sup>). Vi vil difor tilrå ei oppjustering av desse tala. Når det gjeld krav knytt til industri og verkstad, vil det kanskje vera meir tenleg å knyte krava til sykkelparkering til antal tilsette, og ikkje til bruksareal. Handboka tilrår her 0,3 – 0,5 plassar pr. tilsett. Sykkelhandboka inneheld elles mange gode råd for god sykkelplanlegging, og er tilgjengeleg på våre nettsider [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) under "fag".

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Fylkeshuset  
6404 Molde

Telefon: 815 44 040  
Telefaks: 71 27 41 01  
firmapost-midt@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Prinsensgate 1  
7468 TRONDHEIM

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

## Døgnkvileplass for langtransport

Vi har tidlegare vore i dialog med Orkdal kommune om anlegging av døgnkvileplass for langtransport, og planen viser slik plass (i planen omtald som Trailerstopp P1) på området Bårdshaug vest. Vi tilrår at døgnkvileplassane har følgjande fasilitetar:

- § Oppstillingsplassar reservert for tungtransport, skjerma frå andre trafikantar
- § Fast dekke
- § 220 volt strøm (særleg med tanke på fryse- og kjølevogner)
- § Spisestad, fortrinnsvis døgnopent
- § Toalettanlegg med dusj
- § God åtkomst heile året
- § Breibandforbindelse der det ligg til rette for det.

Ut ifrå dette ber vi om at kommunen ser etter ei meir tenleg plassering i tilknytning til eksisterande sørvistilbod for vegfarande.

## Rekkjefølgjekrav

Vi konstaterer at planen inneheld rekkjefølgjekrav om at krysset på Gjølme må vera utbetra og gang-/sykkelforbindelse over Bårdshaugbrua må vera etablert før E 39 Harangen – Høgkjølen kan opnast for trafikk. Vi har ulikt syn på dei to krava:

Når det gjeld kryssløysinga på Gjølme, ser vi ikkje kravet som rimeleg. Sjølv om det ligg an til ei framtidig utbetring av krysset, vil dagens kryssløysing òg tilfredsstillende vegnormalen sine krav til tryggleik og trafikkavvikling etter at trafikken på E 39 vert overført hit. Vi krev difor at rekkjefølgjekravet takast ut av planen.

Når det gjeld kravet om gang- og sykkelforbindelse over Bårdshaugbrua, vil vi innleiingsvis gje uttrykk for at vi i utgangspunktet ikkje erkjenner at Statens vegvesen åleine ber ansvaret for at dette behovet har oppstått. Kommunen har sjølv gjennom mange års planlegging lagt opp til auka aktivitet på vestsida av Orkla. Likevel ser vi at dagens løysing ikkje er tilfredsstillende, og at ei overføring av trafikken på E 39 vil gje enda dårlegare trafikktryggleik. Vi finn dermed å kunne akseptera kravet på to vilkår:

- § Kravet gjeld berre for gang- og sykkelforbindelse på sjølve brua.
- § Ei eventuell forseinking ved bygging av forbindelsa kan ikkje stoppe opninga av hovudprosjektet Harangen – Høgkjølen.

Kostnadane for gang- og sykkelforbindelse over Bårdshaugbrua blir dermed teke inn i prosjektkostnadene for E 39 Harangen – Høgkjølen.

## Tunnel og kulvert

Vi konstaterer ønske om E 39 lagt i tunnel, og ei kulvertløysing på Bårdshaug. Når det gjeld kulvertløysinga, vil dette vera mogleg i austre del av dagens fylkesveg 710, men stigningsforholda umogleggjer ei kulvertløysing for heile strekninga ned til elva. Ei kulvertløysing med tilhøyrande ramper vil òg kunne gje vesentleg større barriereverknad enn ei løysing med veg i dagen.

## Kryss fylkesveg 710 og fylkesveg 462

Ved omlegging av fylkesveg 462, føresett vi at dagens kryss stengast for trafikk. Dette må framgå av planen, både i kart og føresegner.

## Thamshavnbanen

Planen viser kryssing i plan mellom Thamshavnbanen og dagens fylkesveg 710. Vi viser her til eiga sak som i skrivande stund ligg hos oss til uttaling.

## Sentrumsavgrensing

Det overraskar oss at sentrumsavgrensinga er trekt slik at næringsareala på sørsida av krysset mellom dagens E 39 og fylkesveg 710 inngår i sentrum. Vi meiner at dette bidreg til å trekkje sentrumsfunksjonar over til sørsida av framtidig E 39. Dette er etter vår meining heller ikkje i samsvar med intensjonen om å i størst mogleg grad konsentrere sentrumsfunksjonar innanfor dagens sentrum. Vi krev difor at sentrumsavgrensinga flyttast slik at den ikkje lenger omfattar areal på sørsida av framtidig E 39.

*Vi har ingen fleire merknader, men ser oss diverre nøydde til å legge ned motsegn til planen på følgjande punkt:*

- § Det må gå fram av planen at dagens kryss mellom fylkesveg 710 og 462 stengast for trafikk så snart vegen er lagt om.
- § Rekkjefølgjekrav om utbetring av kryss på Gjølme takast ut av planen.
- § Rekkjefølgjekrav om gang- og sykkelforbindelse på Bårdshaugbrua må omformulerast slik at det går klart fram at det berre gjeld sjølve brua, og at ei eventuell forseinking i bygging av forbindelsa ikkje kan stoppe opninga av E 39 Harangen – Høgkjølen.
- § Sentrumsavgrensing endrast slik ar den berre omfattar nordsida av dagens fylkesveg 710 på Bårdshaug.

Plan- og trafikkseksjonen  
Med helsing

Erik J. Jølsgard  
seksjonssjef

Leif Conradi Skorem